



Det var over 100 i kyrkja i kveld

Truleg har over 1000 frå heile Kvinnherad vore med på møtene i bedehuset og kyrkja dei siste 2 vekene. I snitt har det vore minst 70 på 13 møter og ein gudsteneste. Under det avsluttande møtet i kyrkja i kveld var det sogar godt over 100. Tormod Myklebust i Indremisjonen seier til uskedalen.no at han er oppløfta og glad og utelukker ikkje at møteserien held fram frå onsdag. Songevangelistane Irene og Marit har vore sentrale i møtesuksessen. Dei er godt kjende landet rundt og har stor appell.

Men Myklebust var i ein førehandsomtale heller pessimistisk. Det kommenterar han no etterpå slik:

- No i etterkant må eg berre konkludera med at det tydelegvis er ein hunger etter Guds ord også i Kvinnherad.

Det har kome folk frå heile kommunen og dei flinke songevangelistane kan ikkje vera heile forklåringa. Dei har imidlertid kanalisert noko som ligg latent. Så hvis nokon har hevda at Gud er død her, er ikkje det sant! Tvert i mot ber møteserien bod om at han er høgst levande.

Det store frammøtet ber også bod om at folk ynskjer bodskapen formidla slik det har vore tilfelle her. Stikkorda er 'tru og liv'. Det er det vi ynskjer å formidla, seier Myklebust.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

